

**Fra:** Line Dybedal <lindedybedal@gmail.com>  
**Sendt:** 14.02.2023 11:49:20  
**Til:** Nadine Gutte-Preusse <Nadine.Gutte-Preusse@fedje.kommune.no>  
**Emne:** DKSSkonsert v/Line Dybedak "Til havet"

---

Viser til samtale ang potensiell DKSS-konsert.

Mathias Marstrander (gitarist) og eg, Line Dybedal, har samarbeida tett saman i fleire år, og ynskjer å halde konsert basert på tema og låtar frå det komande albumet mitt "Armeria Maritime" (som er latin og betyr strandnellik). Albumet handlar om havet, kysten og bygdene, der ingen skulle tru at nokon kunne bu. I tillegg vil vi vise bilet/film frå kysten på lerret. Vi ynskjer å halde ein 45 minutters konsert, og har alt av utstyr og lyd/lys sjølve.

Litt om meg og det nye albumet:

*Musikken til Dybedal er i sjanger pop/visepop/elektropop og tekstanane om dei nære tingane og om naturen.*

*Dybedal sitt kommande album handlar i stor grad om havet, men også om bygda og folka ho er glad i.*

*I løpet av låtskrivingsperioden oppdaga Dybedal faktisk KOR viktig HAVET er for henne.*

*Ho er "vakse opp" i både store og små båtar, på kaia på heimstaden, som ein del av fiske og havbruk*

*eller i sjøen sommarstid iført våtdrakt og svømmeføter. Då Dybedal skulle ta utdanning etter ungdomsskulen*

*stod det mellom musikklinja og naturbruk der fiskaryrket var draumen.*

*På dette albumet har Line kombinert desse to lidskapane; musikk og kjærleiken til havet. Dybedal vil med denne plata snakke opp bygda og freden som kan finnast ute ved havet.*

*I desse dagar med fråflytting av bygdene og sentralisering av viktige funksjonar i samfunnet vil dette vere*

*ein del av dra-kampen og heiaropet til bygda. I motsetning til dei aller fleste andre artistar,*

*har Line flytta FRÅ byen for å drive med musikk.*

De kan finne musikken min på Spotify. Eg kan spesielt anbefale dykk å høyre låta "På ei øy" som eg tenkjer passar veldig godt ute hos dykk.



Line Dybedal  
[open.spotify.com](https://open.spotify.com)

Satsane vi brukar er Creo sine; pris per konsert for to musikarar: ca 10.000,-  
<https://creokultur.no/lonn-og-arbeidsvilkar/frilanssatser/>

Vi må også ha dekka noko reise og losji. Dette vert som eit «spleislag» mellom fleire kommunar og noko vi kan verte einige om.

Dato (i fyrste omgang) som kan passe fint for oss er 1. og 2.mai. Det finnast også andre passande datoar i mai-juni og evt seinare på året.

Det hadde vore veldig kjekt å fått dette til. Vi var på Fedje før jul med ei familieforestilling på biblioteket. Vi vart raskt glade i Fedje! :)

Høyrer frå deg :)